



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Innsending av høringsuttalelse

Dato sendt: 26.05.2026 / 21:26

Mottaker: Norges vassdrags- og energidirektorat

Referansenummer: 3b9bd2b6871e

Kontaktinformasjon

Fornavn

ÅSNE

Etternavn

ÅRHUS

Mobilnummer

97660958

E-postadresse

asne.arhus@gmail.com

Saksopplysninger

Sakstittel

Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget

Skriv inn høringsuttalelse

Innleiing

Lærdalsvassdraget gjev vatn til landbruk og hushaldning, har status som nasjonalt laksevassdrag og ein sentral plass i Lærdalssamfunnet. Nedbørfeltet til Lærdalsvassdraget er totalt på 1182 km². Om lag ein tredel av dette er regulert. Vassdragsreguleringa har påverka Lærdalselva i mange år. Lærdalsvassdraget er klassifisert som sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) etter vassforskrifta. Påvirkningane i samband med kraftutbygginga har forandra dei økologiske forholda langs elva, spesielt for fisk, men òg for andre artstypar som er avhengig av elva for levevilkår.

Klimaet i Lærdal skapar gode veksttilhøve og det er artar i Lærdal som knapt finst andre stader i landet. Fleire av desse artane står på den norske raudlista, slik som klåved, oter og ål. Naturtypar er sentrale for å ivareta artsmangfaldet, variasjonsbreidda og dei økologiske samanhengane i norsk natur. Det er registrert 143 naturtypar i Lærdal kommune med verdi frå A (svært viktig) til C (lokalt viktig) for det biologiske mangfaldet. Naturtypane i Lærdal er til dømes elveøyrrer og ulike typar av beitemark, hagemark, slåttemark, skog og bekkekløfter. Mange av lokalitetane er knytt til vassdraget.

Det har vore fleire tilfelle av forureining av Lærdalsvassdraget som ytterlegare svekkar levevilkåra for fisk og andre artar i vassdraget. Døme på konkrete hendingar er utslipp av boreslam under utbygginga av Gravdalen kraftverk i 2024 (pågår enno) og utslipp under utbygging av Øvre Kvemma kraftverk i 2022. Dette er brot på vassdirektivet, og svekkar tilliten til Østfold Energi som utbyggjar og konsesjonær.

Revisjonsdokumentet frå Østfold Energi foreslår endringar i manøvreringsreglementet. Naturvernforbundet i Indre Sogn meiner særleg at dei foreslåtte vilkåra for minstevassføring, mjuke overgangar og kravet om kunstige flumar svekkjer vernet av fisken og elva, og fremjar i det følgjande vilkår som vil ta betre vare på livet i og rundt elva, med spesielt fokus på villaksen som nasjonal ansvarsart og klassifisering som nær trua på den norske raudlista for artar. Naturvernforbundet i Indre Sogn støttar opp om følgjande innspel frå elveeigarlaget:

Krav 1: Minstevassføring sommar: 30 m³/s ved Selthun.

Minstevassføring i perioden 15. juni til 15. september skal vere minimum 30 m³/s målt ved Selthun vassmerke. Dette er fordi Selthungjelet er den biologiske flaskehalsen i Lærdalselva. Fagleg konsensus (DVF 1982/83, Vasshaug 1981, Karlsson m.fl. 2024) er at fisk passerer best mellom 20 og 40 m³/s. Under 20 m³/s stoppar oppgangen: laksen hopar seg opp i fossløane nedanfor Sjurhaugfoss og når ikkje fram til trappene. Gjeldande krav på 20 m³/s ligg difor presist ved nedre biologisk terskel, utan sikkerheitsmargin. Auka til 30 m³/s sikrar både fiskepassasje og tilstrekkeleg vassdekt areal for ungfishproduksjon i vekstsesonen.

Krav 2: Minstevassføring vinter: 10 m³/s målt på Selthun.

Minstevassføring i perioden 1. oktober til vårflom skal vere minimum 10 m³/s målt ved Selthun vassmerke (NVE 73.4.0) som døgnmiddel. Kravet vert oppfylt som summen av naturleg tilsig frå restfeltet og eventuelt vasslepp gjennom Sjurhaugfoss-luka. Grunngevinga for dette kravet er at omløpstunnelen ved Byrkjø i dag er tetta att og kan ikkje lenger nyttast til vasslepp. Den einaste sleppemoglegheita for konsesjonæren er nå Sjurhaugfoss-luka. Vassføringa som fisken i Selthungjelet møter er summen av to komponentar: (1) naturleg tilsig frå det uregulerte restfeltet nedanfor Borgund kraftverk, og (2) eventuelt kontrollert slipp gjennom Sjurhaugfoss-luka. Referansepunktet for minstevassføringskravet må difor vere Selthun vassmerke som faktisk fangar opp begge komponentane og dokumenterer det vassføringsnivået fisken opplever i gjelet. Båthølen (NVE 73.2.0) er eit ugyldig referansepunkt fordi stasjonen ligg nedanfor Stuvane kraftverk og blandar inn uttappinga derifrå, noko som gjev eit kunstig høgt bilete av vassføringa og gjer reell kontroll av kravet umogleg.

Krav 3: Mjuke overgangar vinter: maks 5 cm/time.

I perioden 1. oktober til 30. april skal vassføringa ikkje endrast raskare enn 5 cm vassstandsending per time målt ved Selthun vassmerke. Grunngevinga for dette kravet er at forskning (Bakken, Forseth & Harby 2016, finansiert av regulantane sjølv) har kvantifisert skadetersklane for laksyngel ved raske vassstandsendingar. Raske dropp om vinteren strander yngel direkte og eksponerer gyteegg i grusen. Hendinga i 2017 drepte yngel frå tre årsklassar. Hendinga i november 2023 førte til at NVE utstedte millionbot etter eit dropp frå over 25 m³/s til 2,2 m³/s på om lag 7 timar. Ordlyden 'mjuke overgangar så langt som mogeleg' er ikkje etterprøvbar og gjev for vidt skjønn. Grensa 5 cm/time er i samsvar med internasjonal praksis for miljødesign i regulerte vassdrag.

Krav 4: Mjuke overgangar gyteperiode: maks 3 cm/time.

I perioden 25. oktober til 15. november (gyteperiode) skal vassføringa ikkje endras raskare enn 3 cm vassstandsending per time målt ved Selthun vassmerke. Bakgrunnen for dette kravet er at gyteperioden er den mest kritiske perioden i laksens livssyklus i elva. Hunnen grev gytegrøp og legg egg i grusen. Raske vassstandsendingar i denne perioden kan føre til at nylagde egg blir eksponert eller skadde før dei er vel nedfelte og skjerma. Kravet på 3 cm/time (strengare enn vinterkravet elles) er biologisk grunna og reflekterer at skadepotensialet er størst når gytinga pågår. Grensa er fastsett i samsvar med tilrådingane i Bakken m.fl. (2016) og internasjonal litteratur om gytehabitat.

Krav 5: Mjuke overgangar sommar: maks 10 cm/time.

I perioden 1. mai til 30. september skal vassføringa ikkje endrast raskare enn 10 cm vassstandsending per time målt ved Selthun vassmerke. Grunngevinga her er at om sommaren er det ikkje gyteegg i botnsubstratet, og laksungane er større og meir mobile enn nyklekte yngel. Biologisk er elva meir robust mot kortvarige vassstandsendingar i denne perioden. Samstundes er vassdekkja areal og fiskepassasje avgjerande om sommaren, og store, bratte dropp skadar ungfisk. Grensa på 10 cm/time er eit rimeleg kompromiss mellom biologisk behov og driftsfleksibilitet.

Krav 6: Kunstige flaumar: vidareføring og forenkling.

Vilkåret om kunstige flaumar skal vidareførast i revidert manøvreringsreglement og gjerast enklare å bruke i praksis. Konesjonærens forslag om å fjerne kravet bør avvisast. Kravet om kunstige flaumar når vassføringa ved Selthun kjem under 20 m³/s i meir enn fem samanhengande døgn (15. juni–31. august) står eksplisitt i Lærdalsavtalen og Borgundkonesjonen. Det er eit påbod, ikkje opsjon. Revisjonsdokumentet hevdar at kunstige flaumar 'ikkje har blitt brukt' – dette er feil. Lokale observasjonar og kommunikasjon med kraftverksjefen dokumenterer at lokkeflaumar vart nytta aktivt frå 1970-1980-talet, og at kraftverksjefen sjølv koordinerte ein slik flom i 2018 etter lokalt ynskje. Kunstige flaumar er også eit anerkjent og vellykka miljøtiltak i samanliknbare norske og internasjonale regulerte elvar. Klimaendingane, med fleire tørke-periodar om sommaren, gjer tiltaket enda meir relevant.

Krav 7: Målestasjon ved Lo bru: offentleg sanntidsmåling av restfeltet.

Det skal etablerast ein permanent, offentleg tilgjengeleg målestasjon ved Lo bru som målar den totale vassføringa i Lærdalselva nedanfor både Borgund og Stuvane kraftverk, inkludert bidraget frå restfeltet. Data skal vere sanntidstilgjengeleg på Sildre.no og historisk arkivert. I dag finst det ingen offentleg tilgjengeleg stasjon som fangar opp den faktiske totalvassføringa i Lærdalselva på dei nedre elvestrekningane der storparten av sportsfisket og gytinga finn stad. Restfeltet mellom Stuvane og sjøen (Nivla, Kvemma og andre sidedalar) tilfører i snitt 6,7 m³/s i juni–august og er avgjerande for fiskens møte med elva. Historiske data frå Lo bru (serie 1916–2020) viser at medianvassføringa i gytetånadene september–november låg på ca. 11 m³/s. Utan ein fungerande stasjon her kan ingen, korkje NVE, elveeigarlaget eller offentlegheita kontrollere dei effektive vilkåra fisken lever under.

Krav 8: Minstevassføring gyteperiode: biologisk forsvarlege nivå under aktiv gyting.

Krav 4 over seier allereie noko om mjuke overgangar i gyteperioden (maks 3 cm/time). Dette kravet regulerer farten på endringar, men seier ingenting om kva absolutt vassføringsnivå som må ligge til grunn. Dei to krava utfyller kvarandre og må gjelde samstundes. Ein basisvassføring på 10 m³/s sikrar at gyteegropene ligg i rennande vatn, at fisken kan manøvrere i gyteområda, og at oksygentilførselen til egg i substratet er tilfredsstillande. Når Stuvane kraftverk er i drift, tilfører kraftverket vatn nedstraums slik at den samla vassføringa ved Selthun – restfelt pluss produksjon – må vere minimum 20 m³/s. Dette er ikkje eit strengare krav enn 10 m³/s-grensa, men ein presisering av korleis kravet bereknast når Stuvane er i drift: referansepunktet er alltid totalvassføringa målt ved Selthun. Historiske data frå Lo bru (serie 1916–2020) viser at naturleg medianvassføring i september–november låg på ca. 11 m³/s – kravet på 10 m³/s reflekterer sjølve naturtilstanden og er ikkje eit urimeleg krav.

Last opp vedlegg

Du har ikke lagt inn informasjon her